

**SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE  
TANNHELSETENESTA**



**TAKSTAR**

**I**

**DEN OFFENTLEGE TANNHELSETENESTA**

**FOR**

**BETALANDE PASIENTAR OVER 20 ÅR**

**GJELDANDE FRÅ 1. Januar 2015**

**VEDTEKE I FYLKESTINGET DESEMBER 2014**

## **Forskrifter**

### **Kapittel I Generelle reglar**

#### *§ 1 Virkeområde*

Reglane gjeld honorarberekning og oppgjer ved behandling av betalande pasientar over 20 år.

#### *§ 2 Rimeleg honorar*

Ved berekning av honorar har tannlege/tannpleiar ansvar for at honoraret ligg innanfor rammene av Lov om pristiltak av 11. juni 1993 nr. 66 § 2.

#### *§ 3 Prisinformasjon*

Klinikkisjef og behandlar skal syte for at den enkelte pasient får nødvendig prisinformasjon etter reglane i forskrift av 26. januar 1996 om prisopplysning ved tannlegetenester m.m.

#### *§ 4 Takstar*

Honorar vert berekna etter takstar fastsett av fylkestinget.

Utgifter til tannteknisk arbeid og materiale kjem i tillegg til tannlegehonoraret.

### **Kapittel II Honorarberekning**

#### *§ 5 Val av debiteringsform*

Tenester skal i hovudsak stykkprisdebiterast (prosedyretakst).

Tidsdebitering kan nyttast dersom arbeidet tek vesentleg lengre tid enn planlagt eller må avbrytast.

Den enkelte behandlar er ansvarleg for at honoraret ikkje er urimeleg.

#### *§ 6 Stykkprisdebitering*

Omfattar førebuing til behandling, behandling, opprydding og journalføring.

Behandlar som nyttar tidstakst der stykktakst er oppgeve skal grunnje dette i journal.

#### *§ 7 Tidsdebitering*

All tidsdebitering skal baserast på effektiv arbeidstid med bistand frå ein tannhelsesekretær.

Ved bistand frå meir enn éin tannhelsesekretær kan timesats aukast i samsvar med takst 010.

Behandlingstid inntil 10 minutt vert debiterert for 10 minutt. Behandlingstid utover 10 minutt vert debiterert pr. påbyrja 5 minutt.

### **Kapittel III Spesielle reglar om godtgjersle**

#### *§ 8 Behandling ved tannpleiar*

Tannpleiar skal nytte eigen takst ved tidsdebitering. Ved bistand frå tannhelsesekretær kan timesats aukast i samsvar med takst 010.

#### *§ 9 Tidsdebitering for reise ved tilkalling av tannlege utanom arbeidstid*

Ved tilkalling til tannklinik eller besøk hjå pasient skal reisetid t/r takast med i honorarberekninga.

#### *§ 10 Reise godtgjersle ved tilkalling utanom arbeidstid*

Nødvendig reiser vert godtgjort av pasienten etter reisereglementet til Sogn og Fjordane fylkeskommune.

#### *§ 11 Kvelds-, natt- og helgedagstillegg*

Honoraret kan aukast med 75 % når:

- innkalling til tannklinik eller besøk hos pasient finn stad mellom klokka 18.00 og 08.00
- reisa startar før klokka 07.00
- behandlinga finn stad i tida frå klokka 14.00 dagen før søn- og helgedagar til klokka 08.00 påfølgjande arbeidsdag
- når behandling finn stad på offentleg høgtidsdag
- ved fylkeskommunalt organisert tannlegevakt etter klokken 18.00 på vekedagar og helg.

Dette gjeld ikkje når tannlege/tannpleiar forlengjer den vanlege arbeidstida til før klokka 08.00 eller etter klokka 18.00 (klokka 14.00 på laurdag).

#### *§ 12 Ikkje møtt eller forseinka pasient*

Pasient vert rekna som ikkje møtt når pasienten ikkje møter til avtala tid og ikkje har avbestilt timen i rimeleg tid (24 timar).

Dersom det ikkje er mogeleg å nytte tapt tid på anna honorargjevande arbeid, kan det debiterast med inntil 80 % av timehonorar.

Pasient vert rekna som forseinka når pasienten møter seinare enn 5 minutt etter avtalt tid. Tapt tid som følgje av forseinka pasient kan tidsdebiterast.

### § 13 Betalingsvilkår

Behandlinga skal som hovudregel betalast med kontant. Rekning kan skrivast ved spesielle høve. Ved omfattande og dyre behandlingar kan det krevjast forskot og delbetaling. Ved skriving av rekning og purring kan det bereknast ekspedisjonsgebyr. Ved forsinka betaling kan det krevjast renter etter lov av 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinka betaling.

### § 14 Kostnadsoverslag og spesifisert rekning

Det skal gjevast kostnadsoverslag og spesifisert rekning etter reglane i forskrift av 26. januar 1996 (01-26 nr 122) om prisopplysning ved tannlegetenester m.m. Pasienten skal ikkje betale for utarbeiding av kostnadsoverslag og spesifisering av rekning.

### § 15 Mislukka behandling

Ved mislukka behandling eller dersom behandlinga må gjennomførast på nytt gjev ikkje dette grunnlag for ekstra honorar dersom årsaka kan førast tilbake til tannlegen, tannpleiar eller tanntekniske arbeid.

### § 16 Verknad

Reglane gjeld med verknad frå 1. januar 2014.

## **Kommentarar til takstbruk**

### **TANNTEKNIKK:**

Tanntekniske utgifter kjem i tillegg til prosedyretakstane. Dersom det er eit alternativ med billegare importert tanntekniske arbeid skal pasienten kunne velje dette etter nærmare informasjon frå tannlege.

### **000 GENERELLE TENESTER:**

#### **Takstane 1 og 2: Undersøking og diagnostikk**

Takstane inkluderer opptak av anamnese og alle kliniske prosedyrar for å diagnostisere. Taksten omfattar også eventuelt skriftleg terapiforslag, behandlingsplan, oppfølgingsplan, vurdering av prognose og anna journalføring.

Enkel konsultasjon skal nyttast ved akuttkonsultasjonar eller andre konsultasjonar der tannlege kjem raskt i gang med behandling.

#### **Takst 4 Enkel etterkontroll**

Taksten nyttast ved kontroll av tilheling og fjerning av sutur etter kirurgiske inngrep, periodontal behandling og oralmedisinske undersøkingar. Fjerning av sutur inngår.

#### **Takst 5 Omfattande etterkontroll**

Taksten nyttast ved kontroll av tilheling og fjerning av sutur, etter kirurgiske inngrep og oralmedisinske undersøkingar når inngrepet har stort omfang.

#### **Takst 6: Lokal og regional anestesi**

Taksten skal dekke nødvendig anestesi ved injeksjon innanfor aktuelt anestesiområde. Taksten dekker og påføring av anestesigel, krem eller salve.

#### **Takst 7: Tilleggstakst for premedikasjon per os**

Taksten skal dekke ekstra kostnader knytt til premedikasjon per os under tannbehandling.

#### **Takst 8: Tilleggstakst ved lystgassanalgesi**

Taksten skal dekke ekstra utgifter til lystgassanalgesi i samband med behandling.

#### **Takst 9: Tilleggstakst ved behandling under narkose**

Taksten skal dekke ekstrautgifter til narkose i forbindelse med tannbehandling. Takst 9 kan repeterast kvar andre time pasienten er under behandling eller oppvakning. Dersom pasienten sjølv betaler narkosekostnader skal pasienten ikkje debiterast.

#### **Takst 10: Rapportering til bivirkningsgruppa**

Dekker utfylling og innsending av skjema "Rapportering av uønskte reaksjonar/bivirkningar hos brukarar i samband med odontologiske materialar", utarbeidet av Bivirkningsgruppa for odontologiske biomateriale.

### **100 FØREBYGGANDE BEHANDLING:**

**Takst 101: Opplæring til eigenomsorg og førebyggjande behandling**

Taksten omfattar informasjon om årsak og utvikling av orale sjukdomar, moglege førebyggjande tiltak, informasjon om hjelpemiddel med nødvendig instruksjon samt motivering for eigenomsorg.

Taksten omfattar fjerning av belegg, tannstein, fyllingsoverskot m.m. og behandling med fluorpreparat og plaquehemmande medikament som ikkje kjem inn under takst 501.

**200 KONSERVERANDE OG ENDODONTISK BEHANDLING:**

Takstane 201-203 og takst 205 inkluderar all behandling, til og med ferdig fylling og polering i seinare seanse.

**201: Preparering og fylling, 1 flate (kl I, III, V)**

Taksten dekker fyllingar som omfattar heile fissursystemet på premolarar og molarar (også når fissuren strekker seg ned på bukkal- eller lingualflata), samt øvrige ei-flate-fyllingar av normal utstrekning.

Fleire fyllingar i same fissursystem reknast som ei fylling.

Om ei fylling i lita grad går inn på tilgrensande flate, debiterast berre for fylling over ei flate.

**Takst 202: Preparering og fylling, 2 flater**

Fyllingar i approssimalrommet reknast som minst 2 flater.

**Takst 203: Preparering og fylling, 3 eller fleire flater**

Taksten gjeld fylling som strekk seg over 3, 4 eller 5 flater.

**Takst 204: Midlertidig fylling**

Taksten brukast ved djupe fyllingar, der formålet er å observere utviklinga, eller ved fylling i samband med diagnostisk (lokalisering av pulpitt).

Taksten kan og nyttast ved fiksering av tenner i samband med tantraumer.

**Takst 205: Oppbygging av tannkrone i plastisk materiale**

Taksten dekker utgifter til oppbygging av tannkrone når dette vert gjort med plastisk materiale

**Takst 206: Stiftforankring i rotkanal ved fyllingsterapi**

Taksten dekker utgifter til stiftforankring av tannkrone eller omfattande fylling i plastisk materiale. Taksten kan kombinerast med takst 203 og 205.

**Takst 207: Non-operativ behandling av kariessjukdom**

Taksten dekker utgifter ved behandling av karies som ikkje inneberer irreversibelt inngrep i tann.

**Takst 210 – 212: Rotfylling**

Takstane inkluderer nødvendig anestesi og røntgenbilete (under og etter behandlinga), bruk av kofferdam, innlegg i kanal og midlertidig fylling. Takstane kan også brukast ved revisjon av gamle rotfyllingar, pulpaoverkapping og pulpaamputasjon.

Rotfylling som vert utført i same seanse som rotspissamputasjon debiterast etter takst 408 eller 409.

**Takst 213: Tillegg ved maskinell endobehandling**

Skal nyttast i tillegg til takst 210-212 når utreinsking av kanalar skjer maskinelt.

**300 PROTETISK BEHANDLING:**

Tannlegen er ansvarlig for at det tann tekniske laboratoriet får tilstrekkelige opplysningar. Tannlegen må også forsikre seg om at teknikkar nyttar materialar som tilfredsstillar krava i lov og forskrift om medisinsk utstyr, jf. forskrift 15. desember 2005 nr.

1690 om medisinsk utstyr, Helsetilsynets rundskriv angående retningslinjer for bruk av medisinsk utstyr – odontologiske biomateriale (rundskriv IK-16/95, datert 10. mars 1995) og rundskriv angående CE-merking og betydinga av denne ved kjøp og sal (rundskriv IK-5/98, datert 18. mars 1998).

**Takst 301: Gull-/porselensinnlegg, 1 flate**

Taksten omfattar all behandling i samband med framstilling og fastsetting av innlegg, inklusive røntgen og anestesi. Om innlegget går litt inn på en tilgrensande flate, debiterast berre for innlegg over ei flate. Tanntekniske utgifter kjem i tillegg.

**Takst 302: Gull-/porselensinnlegg, 2 flater**

Taksten omfattar all behandling i samband med framstilling og fastsetting av innlegg, inklusive røntgen og anestesi.

Tanntekniske utgifter kjem i tillegg.

**Takst 303: Gull-/porselensinnlegg, 3 flater og skalfasett**

Taksten omfattar all behandling i samband med framstilling og fastsetting av skalfasett (laminat), inkludert forbehandling og etterkontroll. Tanntekniske utgifter kjem i tillegg.

**Takst 304: Heilkrone med eller utan fasade, 3/4 krone, pinkrone, gull-/porselensinnlegg 4 flater og meir**

Taksten omfattar all behandling i samband med framstilling og fastsetting av krone, inklusive røntgen, anestesi og provisorium. Tanntekniske utgifter kjem i tillegg.

**Takst 305: Resinsementert bru (etsebru)**

Taksten omfattar all behandling i samband med framstilling og fastsetting av resinsementerte bruer, inkludert forbehandling og etterkontroll. Tanntekniske utgifter kjem i tillegg.

**Takst 306: Støyppt konus eller rotkappe, inkludert stift og trykk-knapp-feste for implantat dekkprotese**

Taksten dekker støyppt konus som krev ekstra seanse for avtrykk og sementering. Ved delt konus brukast taksten ein gang. Taksten omfattar også rotkappe, radikulærforankring og innerhette ved teleskopkrone samt trykk-knapp-feste for implantat dekkprotese. Tanntekniske utgifter kjem i tillegg.

**Takst 307: Mellom- og ekstensjonsledd ved bruarbeid**

Taksten omfattar mellom- og ekstensjonsledd i et bruarbeid, der kvart utført mellom- og ekstensjonsledd utgjer tilnærma naturleg tannstorleik, uavhengig av det tal tenner som tidlegare var tilstade eller som normalt førekjem i området for bruerstatninga. Tanntekniske utgifter kjem i tillegg.

**Takst 308: Implantatbasert krone/pilar i bru, inkludert distanse**

Taksten omfattar innsetting og tilpassing av permanent implantatdistanse og utgifter til komponentar. Tanntekniske utgifter kjem i tillegg.

**Takst 309: Mellom- og ekstensjonsledd ved implantatbasert bruarbeid**

Taksten skal berre nyttast i samband med implantatbasert bruarbeid. Taksten omfattar mellom- og ekstensjonsledd i bruarbeid, der kvart mellom- og ekstensjonsledd utgjer tilnærma naturleg tannstorleik, uavhengig av det tal tenner som tidlegare var tilstade eller som normalt førekjem i området for bruerstatninga. Tanntekniske utgifter kjem i tillegg.

**Takstane 310 – 313** omfattar alle arbeidsmoment som er nødvendig for å ferdigstille protesearbeidet. Inklusive planlegging av utforming og utstrekning, avtrykk for individuell skei, avtrykk av motståande kjeve, endeleg avtrykk, bittregistrering, val av form og farge på tenner, prøving av skjelett, tannoppstilling, bittregistrering for innsetting og innsliping i artikulatur, innsliping av pressa protese, samt justering av protese. Tanntekniske utgifter kjem i tillegg.

**Takst 310: Hel- over- eller underkjeveprotese**

Taksten dekker heilprotese i henhold til beskrivinga framfor for overkjeve eller underkjeve. Taksten kan og brukast ved obturator protese. Tanntekniske utgifter kjem i tillegg.

**Takst 312: Partiell protese**

Taksten dekker partiell protese i henhold til beskrivinga framfor, inkludert støyppt skjelett. Tanntekniske utgifter kjem i tillegg.

**Takst 313: Rebasering**

Taksten omfattar alle former for rebasering av avtakbare plateproteser, også rebasering av obturatorprotese. Taksten kan også brukast ved rebasering/repasasjon av defekte proteser. Taksten omfattar planlegging av utforming, avtrykk, kjeveregistrering, tilpassing, innsliping og etterjustering. Tanntekniske utgifter kjem i tillegg.

**Takst 314: Dekkproteser**

Taksten omfattar alle kliniske prosederer knytt direkte til behandlinga. Taksten kan kombinerast med takst 306. Tanntekniske utgifter kjem i tillegg.

**Takst 315: Stent**

Taksten nyttast ved framstilling og bruk av stent som guide ved implantat-operasjonar (takst 421 og 422).

**400 KIRURGISK BEHANDLING:**

**Takst 401: Ukomplisert ekstraksjon av tann eller rot**

Taksten omfattar ekstraksjon av ei-rot eller fleir-rot tann. Taksten omfattar separasjon av røter, utskraping av alveol og tiljevning av beinkantar, og fjerning av røter der oppklapping er unødvendig (sårtoilette).

**Takst 402: Ukomplisert ekstraksjon av ytterlegare tann eller rot i same kjeveregion og i same behandlingsseanse**

Ei tann ligg i same kjeve-region om den vert omfatta av same anestesi, som vert lagt for den tann som debiterast etter takst 401, sjå takst 6. Sjå for øvrig kommentarane til takst 401.

#### **Takst 403: Biopsi/eksisjon**

Taksten kan også brukast ved kirurgisk behandling av bløtvevsskader eller ved eksisjon av hard- eller bløtvevsutvekster der det ikkje er indikasjon for biopsi.

#### **Takst 405: Fjerning av retinert tann/djuptliggende rot**

Taksten omfattar operativ fjerning av tann eller rot/røter der det er behov for oppklapping, ev. beinfjerning og suturering.

#### **Takst 410: Cystostomi/eksplorasjon**

Taksten kan også brukast ved undersøkjande kirurgisk oppklapping der diagnosen er ukjent (eksplorasjon).

#### **Takst 413: Plastisk operasjon for lukking av opning til antrum**

Skjer lukking ved bruk av sutur utan plastisk operasjon, dekkes utgiftene etter takst 404.

**Takst 421 og 422: Kirurgisk implantatbehandling** I takstane inngår studiemodeller, kliniske fotos, innsetting av fiksturer, innsetting av distanse/tilhelingsdistanse. Takst 422 omfattar kvart implantat ut over første implantat og som innsettast i same behandlingsseanse.

#### **Takst 423: Tillegg for materiale for vevsregenerasjon ved kirurgisk tannimplantatbehandling**

Taksten kan nyttast ved behov for oppbygging med vevsregenererande materiale i forbindelse med takst 421 og 422. Materiale omfattar alloplastisk materiale eller kunstig beinvev. Eingangsinstrument for innsamling av beinmateriale (for eksempel Bone trap og Bone scrape) kan også dekkes av taksten. Utgiftene til materiale og eingangsinstrument må kunne dokumenterast.

### **500 PERIODONTAL BEHANDLING:**

Takstane 501 – 504 gjeld også ved behandling av periimplantitt.

#### **Takst 501: Behandling av marginal periodontitt**

Takstane nyttast ved systematisk behandling retta mot årsaken til marginal periodontitt med sikte på å oppnå infeksjonskontroll.

Ved bruk av taksten skal følgjande element inngå i behandlinga:

- Opplæring til eigenomsorg når dette vert utført i samband med subgingival depurasjon
- Subgingival depurasjon for å fjerne bakterielt plakk og tannstein
- Eventuelle tiltak for røykeavvenning når dette utføres i forbindelse med subgingival depurasjon

#### **Takst 509 – 517**

Takstane 509 - 517 er prosedyretakster og omfattar alle kliniske prosederer knytt direkte til den aktuelle behandlingsmetoden, inkludert anestesi, røntgenundersøking og tanntekniske arbeider mv.

#### **Takst 509: Immediatprotese/midlertidig protese, refusjonstakst**

Taksten dekker midlertidige proteser i forbindelse med rehabilitering av tannsett som følgje av tanntap som skuldast marginal periodontitt. Taksten kan også nyttast i forbindelse med rebasering av protese i den samanheng.

#### **Takst 510: Partiell protese, refusjonstakst**

Dersom fast protetikkk vert utført i kombinasjon med delprotese for å gi feste til delprotese, men utan at den faste protetikken erstattar tapte tenner, kan det gjevast refusjon etter takst 513 i tillegg til takst 510.

Dersom tapte tenner i eitt område av kjevane vert erstatta med delprotese festa på gjenværande tenner og tapte tenner i et anna område erstattast med fast protetikkk, skal takst 510 nyttast for delprotesa og takst 513 nyttast for dei tenna som vert erstatta med fast protetikkk.

#### **Takst 511: Heilprotese, refusjonstakst**

Taksten dekker heilprotese etter beskrivinga over for overkjeve eller underkjeve.

#### **Takst 512: Dekkprotese, refusjonstakst**

Taksten omfattar alle kliniske prosederer knytt direkte til behandlinga.

#### **Takst 514: Kirurgisk innsetting av implantat – per implantat, refusjonstakst**

Kirurgisk innsetting av implantat omfattar innsetting av fikstur og tilhelingsdistanse. Taksten gjeld berre 1 implantat pr. tapt tann.

**Takst 516: Tillegg for permanent distanse ved implantatforankra protetik, refusjonstakst**

Taksten kan nyttast i forbindelse med framstilling/innsetting av implantatforankra protetik. Taksten kan og kombinerast med takst 512.

**700 ØVRIGE TENESTER:****Takst 702: Modell, per kjeve**

Taksten omfattar alle gipsmodellar av en heil kjeve. Avtrykk er inkludert i taksten. Taksten skal ikkje kombinerast med takst 705.

**Takst 703: Soklet modell/studiemodell, per sett**

Taksten inkluderer avtrykk og modellar av begge kjevar samt sokling.

**Takst 704: Pasientfoto, per bilde**

Taksten omfattar foto (med film eller digitalt) for dokumentasjon av munn-, tann- og kjeveforhold, uavhengig av kven som tek bildet. Det debiterast ikkje for mislukka bilete.

**Takst 705: Undersøking, behandling og etterkontroll ved symptom på temporomandibulær dysfunksjon**

Taksten inkluderer naudsynt røntgenundersøking og eventuell behandling med hard heildekkande bittskinne. Taksten kan ikkje kombinerast med takstane 1-5 og 702. Tanntekniske utgifter kjem i tillegg.

**Takst 706: Injeksjon i kjeveledd**

Taksten nyttast ved smerte og nedsett funksjon i kjeveledd etter full utredning og eventuell behandling med øvingar og skinne som vert dekket etter takst 705.

**Takst 707: Enkel akrylskinne til bruk ved kortisonbehandling, per skinne**

Taksten kan brukast når kortisonbehandling i gingiva (for eksempel ved lichen planus) eller fluorbehandling av tenner (ved for eksempel strålebehandling mot munnhole) føreset bruk av akrylskinne.

Takstar	Teneste/behandling	Stykkpris Kr	Timehonorar kr/time
<b>000</b>	<b>Generelle tenester</b>		
001	Konsultasjon/undersøking/utgreiing tannlege	650	1905
001	Konsultasjon/undersøking/utgreiing tannpleiar	575	1125/1460
001	Enkel konsultasjon	310	
002	Undersøking hjå spesialist	890	2130
003	Omfattande undersøking hjå spesialist	1440	2130
004	Etterkontroll	310	
005	Omfattande etterkontroll	650	
006	Lokal og regional anestesi	190	
007	Tillegg ved behandling under sedasjon pr. os	675	
008	Tillegg ved lystgassanalgesi	985	
009	Tillegg ved behandling under narkose	3090	
010	Rapportering til Bivirkningsgruppa for odontologiske biomaterialer	680	
012	Timegodtgjersle tannpleiar		1125
013	Timegodtgjersle tannpleiar med sekretær		1460
014	Tillegg ved bruk av tannhelsesekretær hjå tannpleiar		335
015	Behandling som ikkje er spesifisert i takstane, for eksempel bleiking		1905
<b>100</b>	<b>Førebyggjande behandling</b>		
101	Opplæring til eigenomsorg og førebyggjande behandling, tannlege		1905
101	Hjå tannpleiar		1125
101	Tannpleiar med sekretærhjelp		1460
<b>200</b>	<b>Konserverande behandling</b>		
201	Preparering og fylling 1 flate	665	
202	Preparering og fylling 2 flater	1205	
203	Preparering og fylling 3 flater eller meir	1470	
204	Midlertidig fylling	615	
205	Oppbygging av tannkrone i plastisk materiale	2225	
206	Stiftforankring i rotkanal ved fyllingsterapi	680	
207	Non operativ behandling av kariessjukdom	565	
210	Rotfylling av framtann/hjørnetann (1-3)	3900	
211	Rotfylling av premolar (4-5)	4500	



Takstar	Teneste/behandling	Stykkpris Kr	Timehonorar kr/time
212	Rotfylling av molar (6-8)	5900	
213	Tillegg ved maskinell endobehandling	460	
215	Anna konserverande behandling		1905

---

### 300 Protetisk behandling

---

301	Gull/porselensinnlegg, 1 flate	1775	
302	Gull/porselensinnlegg, 2 flater	2920	
303	Gull/porselensinnlegg, 3 flater	3365	
304	Heilkrone med eller utan fasade, brupilar, ¾ krone, pin krone gull-/porselens innlegg 4 flater og meir	4155	
305	Resinsementert bru (etsebru), pr. pilar	1270	
306	Støypt konus eller rot kappe inkl. stift	1390	
307	Mellom- og ekstensjonsledd ved bruarbeid	950	
308	Implantatbasert krone/pilar i bru, inkludert Distanse	11700	
309	Mellom – og ekstensjonsledd ved implantatbasert bruarbeid.	1225	
310	Heil over- eller underkjeveprotese	6175	
311	Heilsett	10780	
312	Partiell protese	6420	
313	Rebasering	1605	
315	Stent ved behandling med tannimplantat	1235	
320	Øvrig arbeid eller behandling i forbindelse med protetikk		1905

---

### 400 Kirurgisk og oralmedisinsk behandling

---

Utgifter til eingongsutstyr og sterilt spesialutstyr ved større kirurgiske inngrep kan debiterast i tillegg til honoraret for behandlingstid, takst 425

401	Ukomplisert ekstraksjon av tann eller rot	650	
402	Ukomplisert ekstraksjon av ytterlegare tann eller rot i same kjeveregion og i same behandlingsseanse	450	
403	Biopsi/eksisjon	1200	

Takstar	Teneste/behandling	Stykkpris Kr	Timehonorar kr/time
404	Incisjon av abcess	1010	
405	Fjerning av retinert tann/djuptliggjande rot	2475	
406	Apicectomi av ei rot – premolar/hjørnetann/ incisiv	2475	
407	Apicectomi av ei rot – molar	3950	
408	Tillegg for rotfylling ved apicectomi av premolar/ hjørnetann/incisiv	860	
409	Tillegg for rotfylling ved apicectomi av molar	1350	
410	Cystotomi	2100	
411	Plastisk operasjon av leppeband/tungeband	2100	
412	Operativ fjerning av spyttstein	2100	
413	Plastisk operasjon for lukking av opning til Antrum	3080	
416	Blottlegging av retinert tann med/uten feste	3080	
417	Autotransplantasjon av tann	3950	
418	Bløtvevsplastikk	2100	
421	Kirurgisk innsetting av tannimplantat – første	14200	
422	Kirurgisk innsetting av tannimplantat – per implantat i tillegg	7660	
423	Tillegg vevsregenerasjon, v tannimplantat	1480	
425	Øvrig kirurgisk og oral- medisinsk behandling		1905

---

### **500 Behandling av tannkjøttssjukdommar**

---

Utgifter til eingongsutstyr og sterilt spesialutstyr ved større kirurgiske inngrep kan debiterast i tillegg til prosedyretakst.

501	Periodontittbehandling utan kirurgisk inngrep	1235	
502	Tillegg for kirurgiske inngrep ved behandling av marginal periodontitt	1205	
503	Regenerasjonsbehandling ved festetap	620	
504	Tillegg for materiale, vevsregenerasjon		
505	Fiksering/midlertidig løysing	1355	
509	Immediat protese/midlertidig protese, refusjon		
510	Partiell protese, refusjon		

Takstar	Teneste/behandling	Stykkpris Kr	Timehonorar kr/time
511	Heilprotese, refusjon		
512	Dekkprotese, refusjon		
513	Fast protetikkk – per trekt tann, refusjon		
514	Kirurgisk innsetting av implantat, refusjon		
516	Tillegg for permanent distanse, refusjon		
520	Øvrig periodontittbehandling		1905
<hr/>			
<b>600</b>	<b>Kjeveortopedisk behandling</b>		
<hr/>			
601	All kjeveortopedisk behandling		1905
<hr/>			
<b>700</b>	<b>Øvrige tenester/behandlingar</b>		
<hr/>			
702	Modell pr. kjeve, inkludert avtrykk	575	
703	Soklet modell/studiemodell, per sett, inkludert avtrykk	1480	
704	Pasientfoto, pr. bilete	140	
705	Undersøking, behandling og etterkontroll ved symptom på temporomandibulær dysfunksjon	2440	
706	Injeksjon i kjeveledd	1110	
707	Enkel akrylskinne til bruk ved kortison/fluorbehandling	1355	
<hr/>			
<b>800</b>	<b>Laboratorieprøver og røntgenundersøking</b>		
<hr/>			
801	Taking av prøver til laboratorieundersøking (mikrobiologi, patologi, biokjemi, hematologi og spyttprøver)	260	
802	Røntgenundersøking (dentalfilm) per bilde	135	
803	Okklusarøntgen, per bilde	200	
804	Orthopantomografi per bilde	785	
805	Hand for kjeveortopedisk vekstanalyse	420	
806	Skallerøntgen profil, eventuelt fleire plan	900	
807	Røntgen ansiktsbein/kjeveledd	650	
811	Taking av prøve til mikrobiologisk laboratorieundersøking (bakteriell identifisering med resistens)	865	